

Oddny Tordis Grotle Føleide  
Nordåsen 68

6823 SANDANE

## Svar - Klage på lyd på buss

Vi kan forstå at det for daglige reisande på faste avgangar og trasear kan opplevast som unødvendig med opplesing av haldeplassnamn. Mange kollektivtrafikkbrukarar har store fordelar av opplesen informasjon, og holdeplassannonsering er eit av tiltaka vi gjer for å sikre at kollektivtilbodet er universelt utforma. Det vil seie at vi tilrettelegg for at alle i så stor grad som mulig skal kunne reise kollektivt på eigenhand, dette gjeld for eksempel blinde, svaksynte og eldre.

Automatisk haldeplassannonsering er lovmessig pålagt. Her i fylket er det innført i samband med dei nye bussanboda - alle nye bussar skal ha dette. Vår målsetting er at oppropet skal vere høyrbart under alle forhold for alle passasjerar, men ikkje unødvendig forstyrrande for passasjerar og sjåfør.

Angående høge lydar på varsel om stoppsignal og varsel om setebelte vurderer vi om vi kan gjere tiltak. Lyden ved stoppsignal skal vere der, men den skal ikkje vere helsefarleg. Bussprodusentane har ei typegodkjenning og eit EU-direktiv å forhalde seg til og vi undersøker om det er rom for å justere på lydnivået innanfor regelverket for typegodkjenning av bussane.

Med helsing

Øystein Hunvik  
Ass. fylkesdirektør

Lars Andreas Kårstad  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Mottakar (ar)

Oddny Tordis Grotle Føleide Nordåsen 68 6823 SANDANE